

HOVUDUTSKRIFT

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 22. oktober 2021

Tidspunkt: kl. 0900 – 1300

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje:
Arnljot Muren

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S41/21 – S46/21

Vedtaksaker:

SAK NR S41/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S42/21 GODKJENNING AV REKNESKAPET PR. 31. august 2021

Reknskapet pr. 31. august 2021, i forhold til budsjettet, er også i år litt prega av koronasituasjonen og påfølgande høg aktivitet i selskapet – men resultatet så langt ser bra ut.

Reknskapet pr. 31. august 2021, inkl. balanse, er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Styret ønsker at det vert utført ein ekstern gjennomgang av fordelingsnøklar mellom hushaldning og næring slik at tallmaterialet og fordelinga mot sjølvkost vert kvalitetssikra.

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 31. august 2021.

**SAK NR S43/21
PROGNOSE 2021**

Kjende og sannsynlege avvik er tatt hensyn til i prognosen (med utgangspunkt i rekneskapet pr. 31. august 2021). Avskrivningar er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet. Ny prognose kjem på neste styremøte.

Prognosen pr. 31. august 2021 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtak, samr.

Styret tar orienteringa til vitande

**SAK NR S44/21
BUDSJETT 2022 OG GEBYRREGULATIV 2022**

I forslaget til budsjett for 2022 finn ein følgjande hovudpunkt:

- Det er budsjettert med 0% gebyrauke på hushaldning i 2022
- Heile kostnaden med deponiet i Fløstranda er lagt inn i budsjettet for 2022 og vil gi oss eit negativt resultat dette året.
- Det er budsjettert med bortfall av matavfall fra VØR i løpet av 2022 og vi har signal om at ein av næringskundane våre i stor grad vil handtere eige metall i tida framover noko som på litt sikt vi gi ein ytterlegare nedgang i både inntekter og aktivitet innanfor næring.
- Vi vil i løpet av 2022 igangsette ny presse med tilhøyrande sorteringslinje som vil gi oss betre betalt for fraksjonane innanfor papp/plast.,samt gi oss lågare transportkostnader for desse fraksjonane.
- Det er budsjettert med noko høgare løns og personalkostnader grunna ekstra resursar i administrasjon samt drift av sorteringslinje for papp/plast. Generell lønsvekst er sett til 2,5%

- Myndigheitskrav aukar kostnadene (t.d. på behandling av farleg avfall og stadig nye og strengare krav til behandlingsanlegg). Det same gjer marknadssituasjonen på enkelte fraksjonar (t.d. dyrare matavfall).

Forslaget til budsjett for 2022 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Gebyrregulativet blir laga når det er fatta endeleg vedtak om justeringane som skal inn der.

Vedtak, samr.:

Styret vedtek budsjettet og gebyrregulativet for 2022 – og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

SAK NR S45/21
ØKONOMIPLAN 2022 – 2025

I forslaget til økonomiplan for perioden 2022 - 2025 finn ein følgjande hovudpunkt:

- 0% auke i gebyr for 2022 og ei låg men jamn utvikling i renovasjonsgebyret på hushaldning i økonomiplanperioden. Dette for å halde fram utan for store hopp opp eller ned. Eit solid og veksande sjølvkostfond vil og gi rom for låg gebyrauke innanfor hushaldning i dei næreste åra.
- Driftskostnadane for 2022 i økonomiplanen er høge, utgiftsført 4 mill totalt på alle avdelingar, dette kjem av opprydding i Fløstranda.
- Inntektene for næring vil truleg auke i økonomiplanperioden, men grunnen til dette er ikkje auka aktivitet innanfor næringsområdet. Ein vesentleg del av veksten skyldast gode prisar på enkelte fraksjonar samt at vi som selskap stadig vert dyktigare og i større grad får betalt for fraksjonane istaden for å måtte betale for å verte kvitt avfallet. Året som har gått har imidlertid vist at det er vanskeleg å prissette dette nøyaktig i budsjettet, grunna store svingningar i prisane på dei enkelte fraksjonane. Berre innanfor metall har t.d. prisane svinga fra 1300,- til nær 3000,- pr tonn siste år.
- Det er og i økonomiplanen tatt høgde for bortfall av matavfall fra VØR fra og vi har signal om at ein av næringskundane våre i stor grad vil handtere eige metall i tida framover, noko som på litt sikt vi gi ein ytterlegare nedgang i både inntekter og aktivitet innanfor næring.

Forslaget til økonomiplan for perioden 2022 - 2025 er vedlagt – og unntatt offentlighet, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtak, samr.:

Styret vedtek økonomiplanen for perioden 2022 - 2025, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

**SAK NR S46/21
DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Søknad om komposteringsanlegg på eidet
- Status gjennomgang av eksisterande sorteringslinje/band
- status klagenemnd – jfr rep.skapet 20.5.
- Deponiet i Fløstranda.
 - o avtale
 - o framdrift i arbeidet
- Status lukt fra matavfall
- Container til hushaldning

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsverk, 22. oktober 2021



George Fulford
styreleiar



Camilla Storøy
nestleiar



Margareth Leinebø



Anne Holstad

sett 

Arnliot Muren



Kjartan Grimstad



Bjarte Uglum



Arnstein Myklebust
dagleg leiar